

Møtereferat

Dato: 07.06.2018

Emne:	Evaluering - samarbeidsgruppa om russefeiring 2017-2018	
Til stades:	Svein Heggheim, Sebastian Hauan Stenberg, Anders Sæverud Rosvold, Hanna Livden, Åshild Klokkeide Birkeland, Brynhild Lyssand Eide, Monica Mørk, Leif Sigurd Danielsen, Venke Barrikmo	
Forfall:	Madelen Eidsvik, Sivert Risa, Henrik Hole Falck, Magnus Vikøren, Anne Grethe Korsmo, Darah Naziri, Knut Olav Nestås	Sak: 2017/15617-28
Møtetid:	16.00-17.05	Møtestad: Fylkesbygget, rom 932

Møteleiar: Venke Barrikmo**Referent: Venke Barrikmo**

Evalueringmøte 04.06.2018

Samarbeidsgruppa si samansetning 2017-2018:

1. President: Sebastian Hauan Stenberg
2. Visepresident: Madelen Eidsvik
3. Festsjef: Sivert Risa
4. Humanitær sjef: Anders Sæverud Rosvold
5. Økonomisjef: Henrik Hole Falck
6. Informasjonssjef: Hannah Livden
7. Vara: Markus Vikøren
8. Helsesøster skulehelsetenesta, Anne Grethe Korsmo
9. Politioverbetjent, leiar ungdomsseksjonen, Monica Mørk
10. Politiførstebetjent Darah Nazari
11. Politiførstebetjent Brynhild Lyssand Eide
12. Distriktsleiar Trygg trafikk, Knut Olav Nestås,
13. Rektor Nordahl Grieg vgs., Leif Sigurd Danielsen,
14. Elevinspektør Laksevåg vgs., Åshild Klokkeide Birkeland
15. Seniorrådgivar opplæringsavdelinga, Venke Barrikmo

Fylkesdirektør opplæring Svein Heggheim har hatt eit overordna ansvar, og delteke på nokre møte, jf. årsplanen.

Seniorrådgivar opplæringsavdelinga Venke Barrikmo har hatt koordinatrolla for samarbeidsgruppa og ansvar for gjennomføring av møte, jf. årsplanen.

Kort oppsummering av arbeidet i samarbeidsgruppa gjennom 2017-2018, og den offisielle russetida frå 02.05.2017-17.05.2017.

- Representantane frå politiet oppsummerar: Samarbeidsgruppa er ein viktig arena. Det er avgjerande å bygge kjennskap til kvarandre alt frå tidleg haust. Dei viser òg til Geilo-turen, der samarbeidet skapte ei forbetring. Innspel frå politiet om innhald i russesongarr, blei dei òg høyrte.

Tett dialog undervegs, bidro til løysingar frå begge sider. Det har etter politiet sitt syn vore ein god gjennomføring, og dei er stolte av russen. Politiet melder tilbake om høfleg og grei russ medarbeidarar møtte når dei var ute på patruljering. Dei viser til at det berre er ført ein logg med negativt innhald. Russetida sett under eit heile har gått fint.

- Rektorrepresentant trekk fram at hovudrussestyret har vore gode med å distribuere informasjon til dei andre russestyra, og meiner dei har hatt ein god kommunikasjonsstrategi. Den erfaringa bør delast med kommande russestyre. Strukturerte møter utanom hovudrussestyret, er bra! Viktig å vere i tidleg ute om hausten.
- Russepresident oppsummerar: Ingen skandalar i årets gjennomføring. Nøkkelen ligg i kommunikasjon og inkludering. To ulike Facebook-grupper for å blei oppretta for å dele informasjon ut til alle russestyra. Eigen gruppe for all russ – blir sett på som den viktigaste gruppa. Alle har tilgang på same informasjon. I tillegg var det ein god dialog med politiet. I Gullbotn fekk russen vere i fred. God kommunikasjon med kommunen.
Utfordringar: Det må bli like reglar for alle skulene, spesielt rundt russedåpen. Ein skule i Bergen og to i ein nabokommune blei trekte fram som skular som ignorerte reglane, og aksepterte alkohol på russedåpen. Vidare informerte han om ei auka klassekonflikt mellom russen. Russ på buss ser ned på «vandrarussen», noko som skapar splitting i kullet. For tida framover understrekar han kor viktig det var med eit godt samarbeid med byrådsleiar, rundt temaet stad å vere. Byrådsleiar har eit mål om å finne ein permanent stad for komande år. Det vil krevje ein russedåp med eigen arrangør. Eit felles arrangement hindrar dop og mindreårige i arrangementet, jf. uttale frå russepresidenten.
- Skoleeigar si rolle: Ei sikker russefeiring er avgjerande, og det er ikkje meldt om episodar av negativ/krevjande art til direktøren denne våren. Det er òg viktig å understreke at all aktivitet i russefeiring skal gjennomførast i pakt med lovgivinga, og viser tydeleg til russedåp og framleis ulik tolking av lovverket. Han trakk fram kommunikasjon mellom hovudrussestyret og all russ, og mellom hovudrussestyret, skuleeigar og samarbeidspartnarane undervegs i året, som positiv. Han avslutta med at russefeiringa må ligge på eit nivå som ikkje negativt påverkar avslutning av det siste skuleåret i vidaregåande opplæring.
- Innspel per e-post frå Knut Olav Nestås, Trygg trafikk: *Samarbeidsgruppa om russefeiring fungerer godt etter mitt skjønn. Det har vore svært ryddig i år, med tidleg god dialog mellom m.a. fylkeskommunen, politiet og hovudrussestyret. Ein samarbeidsavtale lagt til grunn ryddar i ansvarshøva. Årshjulet var tidleg spikra og gav god informasjon om kva som skjedde og når det skjedde. Hovudrussestyret har vore svært flinke å følgja opp avtalane som er gjort med Trygg Trafikk, og støtta deira har vore uvurderleg når det kjem til auka deltaking i russerebusen.*
...
- *Det er mange gode enkeltpersonar som gjer ein viktig og god jobb i samarbeidsgruppa, frå fleire etatar. I sum fører ofte dette til eit godt resultat.*
...
- Innspel frå Anne Grethe Korsmo, skulehelsetenesta Bergen kommune: *Ellers så synes jeg russestyret har vært supert i år.*
...
Rebusløpet var et flott arrangement . Alle gjør en formidabel innsats for russen for at de skal ha det bra. Fra oss på helsesøster stand- så fikk vi sponset mengder med frukt, yogurt, drikke , osv. Det gode med det er at russen har fått mye mat i magen når de skal ut på rebusløp, og også når de er tilbake. Det gir mindre rus.
- I møtet blei ein enige om at årsplanen for 2017-2018 kan vidareførast til komande år, med tilnærma same datoar.

- Hovudrussestyret har gjort ein framifrå jobb dette året, og står att som det best fungerande. Med russepresidenten som ein tydeleg, uredd og endringsvillig leiar, har styret til saman bidrege med positive endringar på fleire felt. Presidenten har òg samla nyttig informasjon i eit skriv, som neste hovudrussestyre skal få tilgang på.
- I møtet blei det understërka styret si rolle i nytt val til hausten.
- Samarbeidsgruppa for 2018-2019 vil få nokre endringar:
 - Hovudrussestyre – nytt frå primo oktober
 - Representasjon frå politiet:
 - Monica Mørk (går ut)
 - Brynhild Lyssand Eide (held fram)
 - Darah Naziri (held fram)
 - Åshild Klokkeide Birkeland (går ut), ny representant for elevtenesta må vurderast
 - Leif Sigurd Danielsen (held fram)
 - Knut Olav Nestås (held fram)
 - Anne Grethe Korsmo (held fram)
 - Venke Barrikmo (held fram)

	Dato	Arrangement, informasjon	Ansvarlege, deltakarar	Kommentar for 2017-18 og innspel for 2018-19
August	18.08.2017	Brev sendt til rektorane, om val av lokale russestyre innan 18.09.2018	Opplæringsavdelinga	
September	18.09.2017	Frist for val av lokale russestyre. Skulle meldast venke.barrikmo@hfk.no	Skulane	23 av skulane meldte eige russestyre til opplæringsavdelinga.
	18.09.2017	Planleggingsmøte før val av hovudrussestyre, samt informasjonsmøte	Fylkesdirektør opplæring, kontaktpersonar i politiet, repr. frå skulehelsetenesta, rektorane, opplæringsavd. og mobbeombodet	Finn dato medio september.
	22.09.2017	Invitasjonsbrev til skulane, om val av hovudrussestyre	Opplæringsavd.	
Oktober	03.10.2017, Kl 16.30-18.00	Val av hovudrussestyre. Vestland, Fylkeshuset Fjorårets hovudrussestyre gjennomfører valet.	Opplæringsavdelinga la til rette for møtet og stilte lokale til disposisjon. Representantar frå dei faste repr. i samarbeidsgruppa deltok.	Få representantar frå hovudrussestyret møtte for gjennomføring av nytt val. Viktig å gjennomføre valet før haustferien.
	17.10.2017, Kl 17.00-19.00	«Mot ei tryggare russefeiring gjennom samarbeid.» Vestland, Fylkeshuset	Opplæringsavdelinga arrangerer. Bidragsytarar: Fylkesdirektør opplæring, repr. Frå politiet og skulehelsetenesta og mobbeombodet. Invitasjonen til møtet gjekk til: Russepresidentar og visepresidentar i Bergen og omegn Elevinspektørar i Bergen og omegn Samarbeidsgruppa om russefeiring. (Rektorane i kopifeltet på invitasjonen)	Informasjonsmøte er viktig og skal vidareførast.
	25.10.2017	1. møte i samarbeidsgruppa om russefeiring	Samarbeidsgruppa om russefeiring 2017-2018: 1. President: Sebastian Hauan Stenberg, Langhaugen vgs. 99484446, lordsebbe@outlook.com 2. Visepresident: Madelen Eidsvik, Nordahl Grieg VGS, 40644776, mad_ei@hotmail.com	Hovudrussestyret ble presentert for/signerte samarbeidsavtale med Hordaland fylkeskommune.

			<ol style="list-style-type: none"> 3. Festsjef: Sivert Risa, Nordahl Grieg VGS, 41444433, sivert.anri@hotmail.com 4. Humanitær sjef: Anders Sæverud Rosvold, Sandsli VGS, 95181703, andersrosvold@hotmail.com 5. Økonomisjef: Henrik Hole Falck, Danielsen VGS, 94795231, henrik.hole.falck@gmail.com 6. Informasjonssjef: Hannah Livden, Danielsen VGS, 47460070, livden.jr@gmail.com 7. Vara: Markus Vikøren, Laksevåg VGS, 45238696, markus.vikoren@outlook.com 8. Anne Grete Korsmo, skulehelsetenesta, Bergen kommune/Stend videregående skole 9. Monika Mørk, politioverbetjent, leder ungdomsseksjonen, Monica.Johannesen.Mork@politiet.no 10. Darah Nazari, politiførstebetjent Darah.Nazari@politiet.no 11. Knut Olav Nestås, distriktsleiar Trygg trafikk Nestas@tryggtrafikk.no 12. Leif Sigurd Danielsen, rektor Nordahl Grieg vgs Leif.Sigurd.Danielsen@hfk.no 13. Venke Barrikmo, seniorrådgivar opplæringsavdelinga venke.barrikmo@hfk.no 14. Åshild Klokkeide Birkeland, elevinspektør Laksevåg vgs Ashild.Birkeland@hfk.no 	
	27.10.2017	Informasjonsbrev med årsplan sendt skulane i alle dei «russe-aktuelle» skulane i Hordaland.	Opplæringsavdelinga	Samarbeidsgruppa sto i kopifeltet på e-posten.
	03.11.2017	Brev ut til alle dei vidaregåande skulane med informasjon om meningokokkvaksinering i veke 12-14.	Opplæringsavdelinga, Bergen kommune	Fylkespolitikarane vil vurdere gratis vaksine for Vg1-elevar frå 2019.
Z	09.11.20	Møte om russebuss.	Politiet v/politioverbetjent og leiar for	

o	17	Bergen politistasjon	ungdomsseksjonen Monica Mørk og politiførstebetjent Darah Nazari, i samarbeid med Statens vegvesen og Trygg trafikk.	
	15.11.2017	Frist for å sende lokal avtale mellom russestyret og rektor til postmottak.Opplæring@hfk.no	Opplæringsavdelinga og skulane	14 skular har levert avtale.
Januar	09.01.2018	2. møtet i samarbeidsgruppa	Opplæringsavdelinga	
Februar	21.02.2018	Foreldremøte for russ i Bergensområdet. Auditoriet Hans Tank, Amalie Skram vgs	Politiet og opplæringsavd.	Gjennomført for første gang, men tilbakemelding var positiv og tydeleg ønska frå dei føresette. Bør vidareførast. Talet på deltakarane er usikkert, men ca 100? Informasjonen burde i større grad vore delt på den enkelte skole.
April	12.04.2018	Sjåførmøte (russebuss) Politihuset, inngang A	Politiet, Statens vegvesen og Trygg trafikk	Vidareførast
	17.04.2018	3. møtet i samarbeidsgruppa	Opplæringsavdelinga	
	26.04.2018	Anbefalt dato for russedåp, jf. informasjonsskriv		
	27.04.2018	Russekle kan brukast på skulen i tida 27.04.-17.05.2018, jf. informasjonsskriv		
	27.04.2018	Trafikksikringsarrangement i Grieghallen. <i>Førebygging av trafikkuulykker: Når framtida vert forandra på få sekund.</i> All russ blir invitert	Norsk Luftambulanse er ikkje lenger arrangør, og Trygg trafikk har teke over. Hordaland fylkeskommune støttar arrangementet økonomisk.	Trygg trafikk sendte ut informasjon om arrangementet til alle elevinspektørane 15.01.2018 Ca 3000 russ deltok i trafikksikringsarrangementet den dagen.
	27.04.2018	Russerebus	Trygg trafikk, Statens vegvesen, politiet og ulike frivillige organisasjonar. Økonomisk støtte frå Hordaland fylkeskommune til premiering.	180 kjøretøy deltok og 4-5 bussar (ei auke frå ca 100 året før). Det var ca 1000 russ som deltok på

				arrangementet.
Juni	04.06.2018	4. møtet i samarbeidsgruppa. Evaluering av arbeidet i 2017-18	Opplæringsavdelinga	Vær obs slik at ikkje evalueringsmøtet kolliderer med munnleg eksamen.